

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 07.10.2021  
Vår ref.: 201906894-5  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 10.09.2021  
Dykkar ref.: 20/1090 - 21/59469

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes  
22959527/toot@nve.no

## **NVE si fråsegn - Konkret førespurnad - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Manger barneskule - PlanID 12602019000300 Alver kommune -**

Vi viser til brev datert 10.09.2021. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Manger barneskule. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for å utvide uteopphaldsareala for elevane, utvide eksisterande skulebygg, og rydde opp i den trafikale situasjonen ved skulen.

### **Konkret førespurnad**

I e-post datert 13.09.2021 ber de og om ein spesifikk uttale til skredfarevurderinga i høve til om føreslegne tiltak i planen er tilstrekkelege eller ikkje.

### **Om skredfarevurdering og plandokumenta**

Norconsult har utarbeidd ein skredfarerapport som er datert 26.08.2019. Dei har identifisert nokre mindre låge skråningar der einskilde lause blokker kan rulle/gli ned til flatt areal. Blokkene har avgrensa energi- og skadepotensiale på grunn av terreghelling og låg skråningshøg. Norconsult skriv vidare at det ikkje er hensiktsmessig å utarbeide faresonekart for ulike skredsannsyn då desse truleg vil vere like. Område for potensielle utløp er difor markert i ei skredfaresone. Konklusjonen i rapporten er at det er uproblematisk å nytte heile kartleggingsområdet. Dersom området skravert i raudt i figur 20 skal nyttast må det gjerast mindre/enkle sikringstiltak.

Faresonene er tekne inn i plankartet som omsynssone H310 Ras- og skredfare. I føresegnene er det sett krav om dokumentasjon på at det er gjennomført naudsynte tiltak for å sikre ras- og skredfare føre det kan gjevast rammeløyve, dersom det blir søkt om tiltak som er innanfor desse sonene (jf § 2.4.1). Noko tilsvarande er teke inn i § 8-2.

### **NVE sine kommentarar**

Skredfare synes å vere utgreidd og innarbeidd i planen på ein i hovudsak god måte. Vi vil likevel presisere at vi ikkje kvalitetssikrar dei konkrete vurderingane som er gjort, og konklusjonane som er

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### **Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### **Region Midt-Norge**

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### **Region Nord**

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

#### **Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### **Region Vest**

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

#### **Region Øst**

Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



trekt. De bør føye til i føresegnene at dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik i høve til byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3 må utførast av fagkyndige.

Nokre av skråningane som er markert som omsynssone H310 ligg dels i areal som er regulert til Vegetasjonsskjerm (o\_GV) og Friområde (o\_GF). De bør innarbeide i føresegnene til desse arealføremåla at det er tillate å etablere sikringstiltak mot skred.

Då ubygd areal i stor grad er/vil vere uteområde for skulen vil vi rå dykk til å sikre dei aktuelle skråningane/blokkene sjølv om det ikkje skal byggast innanfor H310.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND